

Møtebok
frå
utdanningsutvalet

Møtestad: Inge Steenslands hus, Henrik Ibsens gate 59 og Teams
Tid: 22.09.2021 kl. 09:00 – 13:00

Fylgjande faste medlemmer møte:

Marit Alstveit
Hallgeir Bø
Astrid Birgitte Eggen
Elisabeth Enoksen
Rune Giske
Mohammed Abdullah Hassan
Anne Helliesen
Sukina Khan
Sanja Mrksic Kovacevic
Aslaug Mikkelsen
Brita Strand Rangnes
Martin Solheim
Magne Olav Sydnes
Leith Symington
Vivi Vo

Fylgjande observatørar møte:

Frode Leidland
Gitte Kolstrup

Frå administrasjonen møte:

Veslemøy Hagen, Eilef J. Gard, Stig Selmer-Anderssen og Bjarte Hoem.

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 21/21	Godkjenning av innkalling		19/07149-44
UU 22/21	Møtebok UU 19.05.2021		19/07149-45
UU 23/21	Kvalitet i studieportefølje - studieplasser 2022 - 2023		21/09718-1
UU 24/21	Kvalitet i studieportefølje, Kvalitetsrapport for 2020, Universitetet i Stavanger		21/01714-9
UU 25/21	Kvalitet i studieprogram, akkreditering, navneendring og nedlegging av studier		21/01274-9
UU 26/21	Kvalitet i studieprogram - Periodisk evaluering og reakkreditering 2020		19/04531-22
UU 27/21	Kvalitet i studieprogram - Plan for periodisk evaluering av gradsstudier 2022		21/09720-1
UU 28/21	Kvalitet i studieportefølje - studentopptaket 2021		20/11050-3
UU 29/21	ECIU University og videre deltakelse i European Consortium of Innovative Universities		21/09392-1
UU 30/21	Fastsetjing av undervisningsterminar 2022 - 2023		15/05234-8
UU 31/21	Forskrift for ph.d. i kunstnerisk utviklingsarbeid		21/09687-1
UU 32/21	Møteplan for utvalget 2022		19/07149-47
UU 33/21	Eventuelt		19/07149-46

UU 21/21 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga er godkjend.

UU 22/21 Møtebok UU 19.05.2021

Vedtak:

Møteboka er godkjend.

UU 23/21 Kvalitet i studieportefølje - studieplassar 2022 – 2023

Utvalseiar innleia. Sakene om studieplassar og kvalitetsrapport er delt i to i år. Denne saka handlar både om kvalitet i studieporteføljen og om korleis universitetet brukar store deler av økonomien sin. Saka har bakgrunn i styret si bestilling til fakulteta si gjennomgang av studieporteføljen og det er samanheng mellom bestilling frå styret og denne saka. Saka gjer greie for fakulteta sine gjennomgangar av masterporteføljen, der fokus mellom anna har vore på forholdet mellom bachelor- og masterprogram. Fleire fakultet har sett i gong eit arbeid som utdanningsutvalet og styret vil sjå resultat av etter kvart. På side 3 i saka er der kommentarar til oppfylingsgrad og økonomiske konsekvensar. Oppfylingsgraden seier noko om kor mange aktive studentar me har. I år er oppfylingsgraden 106 %. Når universitetet opprettar fleire studieprogram, men potensialet i den totale studentmassen er den same, vil oppfylingsgraden gå ned. Endringar i oppfylingsgraden frå år til år må sjåast saman med endringar i studieporteføljen. UiS ynskjer ikkje å auka studenttalet utan å få tildelt fleire studieplassar. Ph.d.-studentar er finansiert på ein annan måte. Den samla framstillinga inkluderar doktorgradsstudia.

Frå diskusjonen i saka:

I tillegg til å syna kor mange studieprogram der er på dei ulike nivåa, kunne det gjerne kome fram i saksframlegget kor mange studieplassar der er på nivåa. På side 4 står det at der er svak auke på nokre studier i høve til fjoråret. Her kunne det vore ein oversikt frå i fjor til å samanlikna med.

Utdanningsdirektøren svarta at dette er framstilt i sak om studentopptaket for i år som handlar om den årlege rulleringa av opptaket.

Ekstern representant spurde om korleis endring av studieplassar mellom fakulteta vil koma fram i denne saka.

Utvalseiar svarta at den økonomiske styringsmodellen for sektoren vert vidareført til fakulteta ved UiS. Det betyr at fakulteta får ei ramme, og er autonome i eiga økonomistyring. Det har ikkje vore tradisjon for å overføra mellom fakulteta ved UiS, t.d. der eit fakultet ikkje har klart å fylla opp studieplassane sine. Leiinga ynskjer å greia ut denne saka, så vil den verta handsama etter kvart.

Vitskapleg representant merka at det vert arbeidd aktivt for å fremja søknad til studia, men at søknaden fylgjer variablar som me har relativt liten kontroll på. Kan me gjera meir med oppfylingsprosenten enn berre vera merksam på det?

Utvalseiar svarta at for nokre studier er der måltal for kandidatar, t.d. lærarutdanningane. For andre program gjeld føringar frå departementet om tal på studieplassar. Her vil me ikkje ha fleksibilitet til å endra talet på studieplassar. Der er stor variasjon i søknad mellom fakulteta.

Utdanningsdirektøren kommenterte at hadde oppfylingsgraden vore lågare enn hundre prosent, hadde me tapt inntekter. Økonomien til universitetet er avhengig av at me klarer å fylla opp studieplassane.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora la til at det hadde vore fint om me kunne fått ei demografisk oversyn over ungdomskull framover. Dette kan ha innverknad på søknaden i framtida.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka om kvalitet i studieportefølje studieplassar 2022 - 2023 til orientering og tilrår styret å gjera fylgjande vedtak:

1. Styret vedtek framlegg til fordeling av studieplassar for 2022-2023 som lagt fram i vedlegget.
2. Styret gir rektor høve til å fordela nye studieplassar som eventuelt vert tildelte i Statsbudsjettet 2022.
3. Styret gir rektor fullmakt til å omdisponera studieplassar innføre totalramma dersom dette er nødvendig.

UU 24/21 Kvalitet i studieportefølje, Kvalitetsrapport for 2020, Universitetet i Stavanger

Utvalsleiar innleia. Kvalitetsrapporten er skriven på institusjonsnivået. Detaljane ligg på fakultetsnivået. Der er veldig gode rapportar frå fakulteta. Ho rosa fakulteta og utdanningsavdelinga for godt arbeid med rapporten.

Prodekan for utdanning ved Det samfunnsvitskapelege fakultetet bad om kommentar på at opplysingar om gjennomføring på normert studietid er basert på studenttalet, og ikkje på studieplasstalet. Dette kan slå tilbake på dei som overoppfyller, meinte ho.

Utvalsleiar svara at saka viser gjennomføringa på normert tid ut frå dei studentane som begynte på studiet. Dette kan leggjast inn som kommentar. Det heng nøye saman med kvalitetsarbeidet på fakulteta.

Prodekan for utdanning ved Det teknisk-naturvitskapelege fakultetet la til at grunnen til overopppfylling, er å prøva å koma ut med det talet på ferdige kandidatar som ein skal ha.

Utvalsleiar kommenterte at dersom me aukar overopppfylling, vil det gå ut over kvaliteten i studiet. Ho bad om kommentarar på utviklingsområda i saka. Utvalet hadde fylgjande respons på dette:

- Tabell 9 er mest interessant. Der er stor forskjell mellom fakulteta når det gjeld kor mykje tid studentane legg ned i studiearbeidet. Dersom arbeid med studiet ikkje er det viktigaste, fell mykje anna gjennom. Korleis skal ein få etablert ein læringskultur som føreset hardt arbeid?
- Ny valordning for studenttillitsvalde har teke mykje tid og ressurser utan at det har ført til fleire tillitsvalde. Det kan gjerne gjerast ei evaluering etter ein runde til med dette.
- Der er ei utfordring i å finna ut kvifor studentane fell frå. Me planlegg med fråfall, men har ikkje god kunnskap om dette.
- Når ein student gir opp studieplassen, bør det vera ein plass der dei oppgir grunnen.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek kvalitetsrapport for 2020/2021, Universitetet i Stavanger, til orientering.

UU 25/21 Kvalitet i studieprogram, akkreditering, navneendring og nedlegging av studier

Utvalsleiar innleia. Der er søknader frå to fakultet. Ho orienterte også kort om to søknader som skal sendast til Nokut 15. oktober, profesjonsstudium i psykologi og master i rettsvitenskap. Det kan verta ei styresak i desember om etablering av desse studia, med atterhald om akkreditering frå Nokut. Det teknisk-naturvitskapelege fakultetet søkjer om akkreditering og etablering av to ingeniørprogram. På grunn av at desse er i forskningsfronten har fakultetet ikkje eit stort forskingsmiljø, og heller ikkje mange internasjonale samarbeidspartnarar, særleg for batteriteknologi. Fakultetet har gjort godt greie for dette i søknadene. I master i energi, reservoar og geovitenskap, har fakultetet gått så langt i endring i grøn retning som fakultetet meiner det er mogeleg nå.

Prodekan for utdanning ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultetet kommenterte søknadene. Batteriprogrammet ligg lengst framme i utviklinga. Det skjer mykje på dette feltet nå. Det vil koma nye studietilbod i utlandet, som vil vera aktuelle fram til utvekslingstidspunktet. Ein treng ikkje vera veldig uroleg for at det ikkje skal vera relevante utvekslingstilbod. Det skal arbeidast for å få gode tilbod på plass.

Utdanningsdirektøren la til at uroa eigentleg var knytt til at batteriemna var lagde til utvekslingssemesteret. Dersom ein endrar semester, vil det vera lettare å finna gode avtalar.

Utvalseiar bad fakultetet om å fylgja opp dette.

Utvalseiar kommenterte også mal for praksis som var lagd ved søknadene om ingeniørprogram. Ho bad om at det må skrivast inn krav til arbeidsstaden i avtalen.

I søknad om master i barnevernsarbeid var ein tidlegare versjon av søknaden lagd ved. Utdanningsdirektøren og prodekan for utdanning ved Det samfunnsvitenskapelige fakultetet orienterte om den endelege søknaden, og kva som er endra frå versjonen som låg ved saka til møtet. Den endelege søknaden vil verta lagt ved etableringssaka til styret.

Vedtak:

Utdanningsutvalet akkrediterar fylgjande studier:

- a) Bachelorprogram i ingeniørfag, medisinsk teknologi. Studieprogrammet fører fram til grad og tittel bachelor i ingeniørfag, medisinsk teknologi. Det engelske namnet er Bachelor's Degree Programme in Medical Technology.
- b) Bachelorprogram i ingeniørfag, batteri- og energiteknologi. Studieprogrammet fører fram til grad og tittel bachelor i ingeniørfag, batteri- og energiteknologi. Det engelske namnet er Bachelor's Degree Programme in Battery and Energy Engineering.
- c) Masterprogram i energi, reservoar og geovitenskap. Studieprogrammet fører fram til grad og tittel master i energi, reservoar og geovitenskap. Engelsk namn på programmet er Master's Degree Programme in Energy, Reservoir and Earth Sciences.
- d) Masterprogram i barnevernsarbeid. Studieprogrammet fører fram til grad og tittel master i barnevernsarbeid. Engelsk namn på programmet er Master's Degree Programme in Child Welfare.
- e) Utdanningsutvalet tilrår styret å etablere disse studia med oppstart hausten 2022.

Fylgjande studier vert fasa ut og lagde ned:

- f) Master's Programme in Petroleum Geosciences Engineering og spesialiseringa i reservoarteknologi i Master's Programme in Petroleum Engineering. Fakultetet må sørge for nødvendige overgangsordningar.
- g) Nordic Master in Social Work and Welfare. Fakultetet må sørge for nødvendige overgangsordningar.
- h) Utdanningsutvalet tilrår styret å leggja ned disse studia med verknad frå hausten 2022.

Følgende studium endrer navn:

- i) Utdanningsutvalget tilrår universitetsstyret å endra namn på masterprogram i konstruksjoner og materialer til masterprogram i konstruksjons- og maskinteknikk. Det engelske namnet er Master's Degree Programme in Structural and Mechanical Engineering.

UU 26/21 Kvalitet i studieprogram - Periodisk evaluering og reakkreditering 2020

Utvalseiar orienterte om saka.

Vedtak:

På grunnlag av den sakkyndige komitéens rapport og fakultetets tilrådingar reakkrediterer utdanningsutvalget Master's Programme in Petroleum Engineering ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet.

UU 27/21 Kvalitet i studieprogram - Plan for periodisk evaluering av gradsstudier 2022

Utvalseleder orienterte om saken.

Vedtak:

1. Det gjennomføres periodisk evaluering og reakkreditering av følgende gradsprogram i 2022:

Det helsevitenskapelige fakultet

- Rus- og psykisk helsearbeid, master

Det samfunnsvitenskapelige fakultet

- Samfunnsvitenskap, ph.d.

- Dokumentarproduksjon, master

- Sosialt arbeid, bachelor

Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet

- Industriell teknologi og driftsledelse, master

- Biologisk kjemi, master

Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora

- Grunnskolelærerutdanning for trinn 1-7, master

- Grunnskolelærerutdanning for trinn 5-10, master

- Lærerspesialistutdanningene, master

Fakultet for utøvende kunstfag

- Dans, bachelor

Handelshøgskolen ved UiS

- Økonomi og administrasjon, master

2. Utdanningsutvalget ber fakultetene sørge for at årsstudier, EVU-studier og andre kortere studieprogram evalueres i løpet av perioden, enten sammen med gradsstudiene eller som frittstående evalueringsprosesser. Dekanene må se til at det utarbeides plan for dette.

UU 28/21 Kvalitet i studieportefølje - studentopptaket 2021

Utdanningsdirektøren orienterte om saka.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 29/21 ECIU University og vidare deltaking i European Consortium of Innovative Universities

Utvalseleiar innleia.

Leiar for internasjonal seksjon og lokal ECIU-ambassadør orienterte om saka. Utdanningsutvalet er referansegruppe og rektormøtet er styringsgruppe for UiS sitt ECIU-prosjekt.

Utvalseleiar la til at i framlegget til vedtak ber utdanningsutvalet styret om å gjera eit vedtak om å fortsetja engasjementet i ECIU-samarbeidet ved å delta i søknad om ny finansieringsperiode. Dette er et vedtak som styret ikkje skal gjera før i desember. Det vil føregå store prosessar i ECIU University fram til den tida. Saka handlar grunnleggjande om utdanningsutvalet vil tilrå styret at UiS framleis skal vera med i ECIU.

Fleire av utvalsmedlemene hadde kritiske merknader til ECIU-prosjektet. Det handla om inntrykk av svak forankring ute i organisasjonen, dårleg informasjon om prosjektet og at få studentar har hatt nytte av tilboda

i prosjektet så langt. Samtidig vart det framheva at ECIU-medlemskapet gir tilgang til gode, faglege nettverk. Det kostar å vera med, men der er stort potensiale for samarbeid med andre institusjonar. ECIU-ambassadøren uttrykte forståing for kritikken, men la til at mykje av prosjektet så langt har handla om å byggja opp eit skjelett for alliansen. Dei studietilboda som har vore tilbude så langt har handla om utprøving. Vidare framover vil det verta mange utfordringar og mikromodular som studentane kan melda seg på.

Utvaksmedlemene hadde også spørsmål til økonomien i eit vidareført ECIU-prosjekt, om det vil koma tildelingar til fakulteta. I fylgje ECIU-ambassadøren er dette ikkje kjent ennå, men det skal ikkje vera eit prosjekt for UiS sentralt.

Utvaksleiar la til at ein vil sjå på organiseringa av dette på UiS vidare framover. Det skal i større grad tilfalla kjerneverksemda på fakulteta. Ho viste til at europeiske universitet får stor merksemd i Europa. Det handlar om å vera med i utdanningsfronten.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår at universitetsstyret vedtek at UiS fortset sitt forpliktande engasjement i ECIU-samarbeidet ved å delta i søknad om ny finansieringsperiode til Europeiske universitet for 2022-2027.

UU 30/21 Fastsetjing av undervisningsterminar 2022 - 2023

Utdanningsdirektøren orienterte.

Vedtak:

a) Utdanningsutvalet fastset fylgjande undervisningsterminar for studieåret 2022 - 2023:

2022 haustsemesteret: måndag 15. august - fredag 23. desember (19 veker).

2023 vårsemesteret: måndag 2. januar - fredag 23. juni (24 veker).

All undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet. Ulike typar prøvar eller forkurs og liknande, som er naudsynte for å begynna på undervisninga, kan gjennomførast før semesterstart. Slike tiltak skal vera omtalte i fag- og studieplanar og dessutan vera tydeleg annonserte.

Eksamenar, prøvar, oppgåver med meir, som er avlagde eller innleverde i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli kjem fram på karakterutskrift/vitnemål som avlagde eller innleverde høvesvis i haustterminen eller vårterminen.

b) Utdanningsutvalet rår rektor til å fastsetja dato for offisiell semesteropning til måndag 15. august 2022.

UU 31/21 Forskrift for ph.d. i kunstnerisk utviklingsarbeid

Utdanningsdirektøren orienterte.

Utvalet hadde fylgjande merknad til forskrifta: § 7,3 strekpunkt 4, bør vera «på minimum førsteamanuensisnivå».

Vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår styret å vedta forskrifta.

UU 32/21 Møteplan for utvalget 2022

Utdanningsdirektøren orienterte kort.

Utvaksleiar la til at dersom det er trong for eit ekstra møte, vil det verta lagt inn.

Vedtak:

Møteplan for utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet for kalenderåret 2022:

- 16. februar 2022
- 25. mai 2022
- 14. september 2022
- 16. november 2022

Møtetida er kl. 09:00 – 13:00 for utdanningsutvalet og kl. 12:00 – 15:00 for læringsmiljøutvalet, med mindre andre tidspunkt går fram av innkallinga.

UU 33/21 Eventuelt

Der var ikkje saker til eventuelt.

Felles møte utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet

Kl 12.15 – 13.15

KU 15/21 Informasjon frå prorektor

Prorektor for utdanning orienterte muntleg om Nokut-tilsynet. I den siste samtalen ga komiteen uttrykk for at dei var veldig nøgde. Dei såg mykje godt kvalitetsarbeid, og dei hadde lært mykje. Kvalitetssystemet er godt forankra. Prorektor håpar likevel at det vil koma råd om utbetring.

KU 16/21 StOr informerer

Leiar for StOr orienterte muntleg om:

- Fadderveka gjekk veldg bra.
- Val av studenttillitsvalde. Studentengasjementet er på veg oppover. Det har vore opplæring av tillitsvalde. 25-30 tillitsvalde studentar deltok.
- Studiebarometeret. StOr arbeidar med korleis UiS skal nå eit høgare resultat enn i fjor.

KU 17/21 Studentombudet orienterer

Studentombudet orienterte muntleg om:

- Saker fra studentar. Der er ganske lik tilgang av saker som tidligere år, på tross av pandemien. Mange saker handlar om pandemien. Studentar savner hybrid løysing når dei nå er tilbake på campus. Burde der vore retningsliner for undervisninga nå i overgangen tilbake til normale forhold? Det vert rapportert om manglande likebehandling av studentene når det gjeld digitale løysingar.
- 10. oktober er verdensdag for psykisk helse. Den blir markert i samarbeid mellom studentombudet, SiS og studentpresten.
- Studentomboda frå alle institusjonane (ca 20) skal ha eit nettverksmøte i slutten av oktober.

KU 18/21 Utdanningsdirektøren orienterar

Utdanningsdirektøren hadde ein kommentar til ynskje om hybrid løysing: Når restriksjonane blir tekne bort, skal undervisninga vera fysisk.

Ho orienterte muntleg om:

- Endring i eigenbetalingsforskrifta. Når forskrifta blir vedteken vil ho bli presentert for utvala.
- Langtidsplan for forskning og høgare utdanning. Mange av momenta fra UiS sitt høringssvar er tatt med.
- Endringer i uh-lova. UiS har midlertidig forskrift som gir rektor fullmakt til å gjera endringar i forskrift om studier og eksamen som fylgje av pandemien.
- Tillitsvaldordninga. Det har vore trong for sentral opplæring. StOr har hatt ansvar for eit opplegg i år.
- Nye krav til universell utforming av nettsider og appar. Konsekvensane for læringsmiljøutvalet er førebels ukjende.
- SHoT-undersøkinga. Ei arbeidsgruppe har kome godt i gong med analyse.
- Forsinka sensur. Det ser ut til at me har gått opp i sensur over ei veke etter fristen. Men UiS har ikkje dårlegare resultat enn dei institusjonane som har bøtelegging.

Den nye studentpresten, Sigbjørn Jårvik, vart presentert for utvala.